



Arkivnr: 2014/13974-1
Saksbehandlar: Stein Ottosen, Per Morten Ekerhovd

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		09.04.2014

Tilskot til vern og vøling av kulturminne 2014

Samandrag

Saka gjeld fordeling av fylkeskommunale midlar til vern og vøling av faste kulturminne. Budsjettpost 10.400.650.01 til dette føremålet for 2014 er sett til kr 750.000,- og kr 30.000,- av omdisponerte midlar for 2013. Til saman er det søkt om kr 11.916.263.

Det er motteke 60 søknader og gjort framlegg om at 32 av søkjarane får tilskot medan 28 får avslag. På grunn av at søknadssummen er mange gonger så høg som den summen me har til rådvelde må mange gode søknader få avslag.

Det vart vedteke nye retningsliner for tilskotsordninga i 2014.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet fordeler 780.000 kroner frå budsjettpost 10.400.650.01:

1	Austevoll	Nothengje, Bekkjarvik	Avslag
2	Austevoll	Trelasten, Kvalvåg	Avslag
3	Austevoll	Økshamar fyrstasjon	Avslag
4	Austevoll	Brennevinsbua, Kvalvåg	Avslag
5	Austrheim	Kristianhuset, Iemstove, Snekkevik	30.000
6	Austrheim	Jordkjellar, Krossøy	20.000
7	Bergen	Øvre Korskirkealmenning 1.	30.000
8	Bergen	Bustadhus, Dragefjellstrappen	10.000
9	Bergen	Passasjer, post og konduktørvogn	Avslag
10	Bergen	Rådal stasjon	Avslag
11	Bergen	Øvsttun, steingarder,	10.000
12	Bergen	Øvre Bleken gård	40.000
13	Bømlo	Våningshus, Foldrøyhamn	20.000
14	Bømlo	Kalkomn, Mosterhamn	10.000
15	Etne	Fritidsbustad, «kasjotten»	30.000
16	Fjell	Ungdomshuset Fjellheim	Avslag
17	Fjell	Knarreviksløa	40.000
18	Fusa	Naust med slipp, Engevikhamn	20.000

19	Granvin	Glassbue, Håstabba	30.000
20	Kvam	«Gamleløa» på Nes	50.000
21	Kvam	Hovudbygning på Nes	Avslag
22	Kvam	Eikelidhuset, Kvam bygdemuseum	Avslag
23	Kvam	Husmannsplassen «Stykkjet»	20.000
24	Kvinnherad	Naust i Askestøa	Avslag
25	Kvinnherad	Røykstove, Øyre	20.000
26	Lindås	Den Tronhjemske postveg	10.000
27	Lindås	Smie, gardflor, uteflor, Vetlehovde	Avslag
28	Lindås	Sveitserhuset til Aslaug Låstad Lygre	40.000
29	Lindås	Grindbygd naust, Nedre Veland	Avslag
30	Lindås	Steingard, lafta naust, utløe, kulturveggar	Avslag
31	Meland	Sjøbu, trelastlager, Litlebergen	15.000
32	Meland	Uteflor, Myrtveit	Avslag
33	Meland	Gaustad skule	38.000
34	Modalen	Løe	20.000
35	Odda	«Løo på Eide»	Avslag
36	Odda	Portalbygg Nord, retaurering av vindauge, kopiering av dør	Avslag
37	Odda	Portalbygg Nord, sprinklaranlegg	Avslag
38	Odda	Portalbygg Nord, rehabilitering tak.	30.000
39	Odda	Portalbygg Nord, vindauge og fasade	25.000
40	Os	Klökketårn, stabbur, Lyse kloster	15.000
41	Osterøy	Kvernhuset, Revheimsfossen	10.000
42	Osterøy	Jordkjellar, røykehus	10.000
43	Radøy	Grindverksløe på Mjøs	Avslag
44	Radøy	Løe, Gamle Tveiten	20.000
45	Radøy	Løe, Kartveit	Avslag
46	Stord	Stordø kisgruber, Heistårnet	30.000
47	Stord	Leirvik fyr, maskinhuset	Avslag
48	Stord	Naust på Føyno	Avslag
49	Stord	Steingard i Vidsteenparken	Avslag
50	Tysnes	Årbakka handelsstad	50.000
51	Tysnes	Det gamle rekkjetunet, Uggdal	Avslag
52	Tysnes	Kvern ved Dalselva, Eldholm	30.000
53	Ullensvang	Gamlastova, Bekkjatun	30.000
54	Ulvik	Naust, Syse	7.000
55	Vaksdal	Toskedalsstova	Avslag
56	Voss	Songvehytta, Hedleberget	20.000
57	Voss	Løo på Løne	Avslag
58	Voss	Bustadhus, Sævelid	Avslag
59	Voss	Bustadhus, Bergslitræet	Avslag
60	Øygarden	Nothengjo, Øygarden	Avslag
			780.000

2. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre, kan Kultur- og idrettsavdelinga omdisponere midlane til andre av dei omsøkte tiltaka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Omtale av søknadane

Fylkesrådmannen, 19.03.2014

Saka gjeld fordeling av midlar til vern og vøling av faste kulturminne. Budsjettpost 10.400.650.01 til dette føremålet sett til kr 780.000,-. Kr 750.000 i budsjettet for 2014 og kr. 30.000 av omdisponerte midlar frå 2013. I prioriteringa er det teke omsyn til

- Kulturminneverdi
- Effekt av fylkeskommunal løyving i høve gjennomføring av tiltaket

Bakgrunn:

Tilskot til vern og vøling er midlar fylkeskommunen stiller til rådvelde for ei positiv utvikling og styring av kulturminnevernet i Hordaland. Den generelle interessa for kulturminnevern har auka sterkt dei seinare åra. Samstundes er trongen for tiltak aukande. Demografiske endringar, bortfall av nærings- og landbruksverksemd gjer at mange bygningar vert ståande utan vedlikehald og forfell raskt.

Nye retningslinjer for Vern og vøling

Nye retningslinjer vart vedteke i fylkesutvalet den 31.10.2013 i sak 24/413, med endringar i fylkesutvalet i sak 288/13 den 05.12.2013. Det er for tidleg å seie kva utslag desse endringane får. Den viktigaste endringa er at tilskotet gjeld for to år.

«Tilskotet gjeld tildelingsåret og det påfølgande år. Tiltakshavar skal rapportere om status for tiltaket innan 31. desember i tildelingsåret»

Grunngjevinga for endringa var at fleire av tiltaka ikkje vart gjennomførte fordi eit år er kort tid å gjennomføre og finansiere tiltaket. Dette skuldast fleire tilhøve. Det er vanskeleg å skaffe høvelege handverkarar som kan utføre arbeidet. Som oftast står tiltakshavar i kø for å få tak i folk som kan gjere arbeidet.

Tilskotet som vert løyvd er i dei fleste tilfelle langt mindre enn det omsøkte beløpet. Dette resulterer i at tiltakshavar må søkje fleire stader for å greie å finansiere tiltaket. Med dei nye retningslinjene vert det opna for å søkje to år om midlar til det same tiltaket.

I mange tilfelle vert det søkt både Norsk kulturminnefond og Hordaland fylkeskommune. Dersom tiltakshavarar får avslag frå Norsk kulturminnefond prøver dei i det lengste å skaffe andre kjelder for å finansiere tiltaket, men dette er vanskeleg. I 2013 måtte midlar til fleire av tiltaka trekkjast eller omdisponerast fordi tilskotet var for lite eller tida for knapp. Når fristen for å gjennomføre tiltaket er sett til 2 år, er det grunn til å vone at fleire av tiltaka vert gjennomførte.

Dei nye retningslinjene opnar også for at kommunane kan søkje fylkeskommunen om stønad til tiltak som kommunen sjølv har løyvd midlar til. Ein involvering frå kommunane si side kan føre til større merksemd og fokus i kulturminnearbeidet. Det er ikkje kome inn søknader frå kommunane i 2013, men det kan skuldast at dei nye retningslinjene vart vedteke berre ei månad før søknadsfristen gjekk ut.

Søknadar og statistikk

Det er naudsynt med ei streng prioritering mellom søkjarane. Det vert gjort framlegg om at 32 av søkjarane får tilskot, medan 28 får avslag. På denne måten vert løyvinga strekt så langt som råd. Tidlegare røynsle med fordeling av tilskot under denne budsjettposten tilseier at mange ikkje kjem i mål med dei små tilskota som kjem ut av ei slik oppstyking. Samstundes er det mange som gjev heilt opp når dei får avslag, og det er difor i mange høve likevel tenleg å gje eit lite tilskot i to eller fleire år for å få tiltaket i gang og halda motet oppe hjå søkjaren. Det er mellom anna fleire som fekk starta opp med tilskotet i tidlegare år og som no er stilte inn til nytt tilskot for å føre vidare tiltaket.

Hordaland er eit fylke med mange kulturminne. Kulturminneregistreringar (Sefrak) gjennomført på 1990-talet kartla at talet på hus bygd før 1900 i Hordaland var om lag 50 000. Desse er hus av alle kategoriar (bustad, landbruk, industri, næring, kystrelaterte verksemdar, samferdsle mv).

Eit fåtal av desse er gjeve lovheimla vern: 461 bygningar med nasjonal kulturminneverdi er freda med heimel i kulturminneloven, og ein liten del er regulert til bevaring i kommunale reguleringsplanar (Plan og bygningsloven § 25.6).

Listene over freda kulturminne frå nyare tid har eit noko skeivt utval – eit stort fleirtal av dei freda bygningane ligg i Bergen, og mesteparten er knytte til gardsanlegg eller embetsmannsgardar. Kystkultur, teknikk og industri og samferdsle er sterkt underrepresenterte tema.

Fleirtalet av kulturminne frå nyare tid har ikkje noko lovheimla vern anna enn dei generelle heimlane i Plan- og bygningsloven. Dette lovverket vert i første rekkje forvalta av kommunane. Mange kommunar har kommunale kulturminneplanar, men det er i liten grad utvikla gode lokale ordningar eller verkemiddel for å hjelpe private huseigarar med kostnadene som er knytt til å eige kulturminne.

Fylkeskommunale midlar til vern og vøling har difor vore eit viktig verkemiddel for å gjennomføre ein regional kulturminnepolitikk, jf. fylkesdelplan for kulturminne. Dette er særleg viktig i høve dei private eigarane som tek stort ansvar for å halde vedlike og setje i stand kulturminne. Midlane har utgjort den regionale beredskapen for å sikre desse ikkje-fornybare ressursane, oppretthalde eit representativt utval av kulturminne frå heile historia og å bidra til at dei kan nyttast som ressursar for samfunnsutvikling og verdiskaping. I mange tilfelle har og fylkeskommunale midlar dessutan vore brukte i spleiselag med andre offentlege aktørar, td. Norsk kulturminnefond, slik at ein samla har makta å utløyse tilstrekkeleg midlar til å få tiltaket gjennomført.

Oppfølging:

Før tilskota vert utbetalte, må tiltakshavaren senda rapport over utførte arbeid og rekneskap og dokumentere at pengane har blitt nytta til det om søkte føremålet og i tråd med retningslinene til fylkeskommunen om istandsetting av kulturminne. I nokre tilfelle, der tiltakshavaren ikkje har høve til å forskottera heile summen, kan opptil halvdelen av tilskotet utbetalast på førehand. Er det tvil om eit tiltak tilfredsstillar krava, vert det gjort ei synfaring.